



VOSS KOMMUNE

Utval for nærings og tiltaksarbeid

Postmottak@ld.dep.no
Det Kgl. landbruksdep.
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

Vår ref	Etat/ avd.	Saksbeh	Ark.	Dykkar ref.	Dato
01/00124-007 003773/04	SER	AG	V70 &00		04.03.2004

NY SKOGBRUKSLOV

Utval for nærings og tiltaksarbeid behandla i møte 02.03.2004 sak 0012/04.
Det vart gjort følgjande

Vedtak

Voss kommune har to merknader til forslag til ny Lov om skogbruk.

1. Ny lov skjerpar krava til forynging og stell av skog etter hogst i § 6. Skogeigar pliktar etter ny lov å syta for etablering av ny skog. Det store spørsmålet vert om skogeigar økonomisk evnar å innfri kravet i lova. Sett i høve § 14 – Innbetaling av skogfond kan ein slå fast at tilhøva vert rimeleg godt tilrettelagt i *dei tunge skogstrøka* medan mange skogeigedomar i *svakare skogstrøk i vest og nord* får store utfordringar. Dette heng saman med at tilskot til planting er teke vekk samstundes som naturskogen i vest og nord har høgare driftskostnader og har relativt sett lågare verdi på råstoffet. I tillegg vil stell av naturleg oppslag, svært ofte lauvskog, kreva meir stell for å verta ein økonomisk ressurs.
Svært ofte vil ein erfara at lauvskogen ikkje får nødvendig stell.
Summa summarum kan effekten av ny lov og tilskotsregime fort få motsett effekt av det som er tiltenkt.
2. Kommunane skal føra tilsyn med at føresegnene i lova vert haldne jf. § 19 Tilsyn, kontroll og rapportering.
Slik ressursituasjonen er i kommunane i dag vil tilsynet verta svært begrensa og tilfeldig.
Les ein mellom linjene er nok dette intensjonen i den nye lova. Det skal drivast mindre næring og takast meir miljøomsyn. Dette tilseier at skogen i mykje større grad får stella seg sjølv. Med alle dei små skogeigedomar Voss har, med svært varierende terreng og produksjonstilhøve vert tilhøve godt tilrettelagt for biologisk mangfald og stor variasjon i landskapet. Det vert verre å ta seg fram for friluftslivet og finna att kulturminne i skogane.

Med helsing

Else-Berit Kyte
Kommunalsjef

Kopi til: Næringsavdelinga

SAMLAKSFRAMSTILLING

Arkivsak: 01/00124-003774/04
 Saksbeh.: Anders Gjøstein
 Arkivkode: V70 &00

Saksnr.:	Utval	Møtedato
0012/04	Utval for nærings og tiltaksarbeid	02.03.2004

SAMLAKS - NY SKOGBRUKSLOV

Innstilling:**Administrasjonen si innstilling:**

Voss kommune har to merknader til forslag til ny Lov om skogbruk.

1. Ny lov skjerpar krava til forynging og stell av skog etter hogst i § 6. Skogeigar pliktar etter ny lov å syta for etablering av ny skog. Det store spørsmålet vert om skogeigar økonomisk evnar å innfri kravet i lova. Sett i høve § 14 – Innbetaling av skogfond kan ein slå fast at tilhøva vert rimeleg godt tilrettelagt i *dei tunge skogstrøka* medan mange skogeigedomar i *svakare skogstrøk i vest og nord* får store utfordringar. Dette heng saman med at tilskot til skogkultur er teke vekk samstundes som naturskogen i vest og nord har høgare driftskostnader og har relativt sett lågare verdi på råstoffet. I tillegg vil stell av naturleg oppslag, svært ofte lauvskog, krevja meir stell for å verta ein økonomisk ressurs. Svært ofte vil ein erfara at lauvskogen ikkje får nødvendig stell. Summa sumarum kan effekten av ny lov og tilskotsregime fort få motsatt effekt av det som er tiltenkt.
2. Kommunane skal føra tilsyn med at føresegnene i lova vert haldne jf. § 19 Tilsyn, kontroll og rapportering. Slik ressursituasjonen er i kommunane i dag vil tilsynet verta svært begrensa og tilfeldig. Les ein mellom linjene er nok dette intensjonen i den nye lova. Det skal drivast mindre næring og takast meir miljøomsyn. Dette tilseier at skogen i mykje større grad får stella seg sjølv. Med alle dei små skogeigedomar Voss har, med svært varierende terreng og produksjonstilhøve vert tilhøve godt tilrettelagt for biologisk mangfald og stor variasjon i landskapet. Det vert verre å ta seg fram for friluftslivet og finna att kulturminne i skogane.

Utval for nærings og tiltaksarbeid den 02.03.2004 sak 0012/04**Behandling i møte:**

Administrasjonen kom med ei retting av framlegg til vedtak i pkt 1., 5. ledd:tilskot til skogkultur, dette blir retta tiltilskot til planting.....

Administrasjonen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Voss kommune har to merknader til forslag til ny Lov om skogbruk.

1. Ny lov skjerpar krava til forynging og stell av skog etter hogst i § 6. Skogeigar pliktar etter ny lov å syta for etablering av ny skog. Det store spørsmålet vert om skogeigar økonomisk evnar å innfri kravet i lova. Sett i høve § 14 – Innbetaling av skogfond kan ein slå fast at tilhøva vert rimeleg godt tilrettelagt i *dei tunge skogstrøka* medan mange skogeigedomar i *svakare skogstrøk i vest og nord* får store utfordringar. Dette heng saman med at tilskot til planting er teke vekk samstundes som naturskogen i vest og nord har høgare driftskostnader og har relativt sett lågare verdi på råstoffet. I tillegg vil stell av naturleg oppslag, svært ofte lauvskog, krevja meir stell for å verta ein økonomisk ressurs. Svært ofte vil ein erfara at lauvskogen ikkje får nødvendig stell. Summa summarum kan effekten av ny lov og tilskotsregime fort få motsett effekt av det som er tiltenkt.
2. Kommunane skal føra tilsyn med at føresegnene i lova vert haldne jf. § 19 Tilsyn, kontroll og rapportering. Slik ressursituasjonen er i kommunane i dag vil tilsynet verta svært begrensa og tilfeldig. Les ein mellom linjene er nok dette intensjonen i den nye lova. Det skal drivast mindre næring og takast meir miljøomsyn. Dette tilseier at skogen i mykje større grad får stella seg sjølv. Med alle dei små skogeigedomar Voss har , med svært varierende terreng og produksjonstilhøve vert tilhøve godt tilrettelagt for biologisk mangfald og stor variasjon i landskapet. Det vert verre å ta seg fram for friluftslivet og finna att kulturminne i skogane.

Administrasjonen si utgreiing:

2. DOKUMENT SOM BAKGRUNN FOR SAKA:

Dokument merka med * ligg ved.

12.12.03 Forslag til ny lov om skogbruk – høyring (kun lovtekst frå side 66 til 75)*

3. FAKTA OM SAKA:

Landbruksdepartementet (LD) har sendt ut forslag til ny **Lov om Skogbruk** til høyring. Lova skal erstatta gjeldande lov om skogbruk og skogvern frå 1965 med seinare endringar.

Den nye lova skal regulera skogbruk som næring og stimulera til verdiskaping med grunnlag i skogressursane. Siktemålet med forslaget er å etablera eit meir moderne og juridisk funksjonelt rammeverk for forvaltning av skogressursane. Forslaget til ny lov inneber ei klar forenkling av gjeldande lovgjeving om skogbruk. Gjeldande lov har 58 føresegner , mens den nye lova får 22 føresegner.

Lovforslaget legg til grunn den eksisterande grensdraginga mellom skoglovgjevinga og naturvernlovgjevinga, og fører vidare prinsippa i gjeldande lov om skogbruk og skogvern i ei meir framtidretta lov med fokus på verdiskaping innanfor dei råmer miljøomsyna set.

Lovforslaget legg til grunn som hovudprinsipp at skogeigaren har ansvaret for at skogressursane og miljøverdiane vert forvalta i samsvar med lova og forskrifter gitt med heimel i lova.

LD fører i denne samanheng inn omgrepet forvaltaransvar i lova.

4. ADMINISTRASJONEN SI VURDERING:

Lovforslaget gir ei ny føresegn om forynging etter hogst. Dette inneber ei konkretisering og skjerping i forhold til reglane som gjeld i dag. LD føreslår samstundes å laga ei ny forskrift om forynging. Lovforslaget stadfestar og styrkjer ordninga med at ein del av inntekta frå hogst av skog skal førast tilbake til skogen i form av langsiktige investeringar. Ordninga vert døypt om frå skogavgift til skogfond. Ser ein desse to føresegnene opp mot einannan vil det tradisjonelle *skog-norge* verta styrkt medan dei *svakare skogdistrikta i vest og nord* vil få store utfordringar.

Tilskot til skogkultur er teke vekk samstundes som ordninga med skogfond er styrkt.

Naturskogen i dei svakare område har høgare driftskostnader og har relativt sett lågare verdi på råstoffet. I mange høve er naturleg etablering under våre tilhøve lauvskog som krev adskillig meir stell for å verta ein økonomisk ressurs. Svært ofte ser ein at lauvskogen ikkje får nødvendig stell . Det økonomiske fundamentet vert dermed i betydeleg grad svakare og derved også evnen til å kosta på ny etablering.

Dette betyr at ved handheving av lova lyt ein leggja inn skjønn i høve økonomisk fundament og dermed vera lemplegare med foryngingskravet i økonomisk svake område. Det betyr og at framtidsskogen i dei skogsvake område også i framtida vil vera svakare. Dette bryt med tanken frå skogreisningstida, der poenget nettopp var å byggja opp det økonomiske fundamentet i svake skogstrøk i landet der produksjonspotensialet er godt og verdiskapinga stor ved kultur.

Kommunane skal føra tilsyn med at føresegnene i lova blir haldne, og kontrollere at vedtak med heimel i denne lova blir gjennomførde. Kontroll av vedtak let seg nok gjennomføra , men tilsynet vert svært begrensa slik utviklinga i ressursituasjonen for kommunane har vore.